

3. tertialrapport oppsummering av måloppnåing - overordna risikovurdering av utvalde styringsmål i 2018

Fakta og bakgrunn

Styresak Helse Vest 125/17 - Felles mål med delmål for risikostyring i Helse Vest

Styresak Helse Bergen 09/18 - Felles risikostyringsmål 2018

Styresak Helse Bergen 60/18 - 1. tertialrapport av overordna risikovurdering av utvalde styringsmål i 2018

Styresak Helse Bergen 106/18- 2. tertialrapport overordna risikovurdering av utvalde styringsmål i 2018

Styresak Helse Bergen 119/18 – Årleg melding

Helse Bergen har gjennomført risikovurdering av følgjande styringsmål med delmål i 2018.

3. tertialrapport gir ein kort evaluering av status for måloppnåing for styringsmålmåla med delmål.

Tiltak og prosessar for dei ulike styringsmåla er utdjupa ytterlegare i [Årleg melding 2018](#), sjå særskilt kapittel 2.1, 2.2, 2.3 og 3.2.

Styringsmål 2018	Delmål	Status for måloppnåing
Styringsmål 1: Talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest er halvert innan 2018.	Delmål 1: Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2018 er godt forankra i leiargrupper og kjend i resten av organisasjonen.	Delmål 1 og 2 er i all hovudsak oppnådd. Grunna at metoden gjer etterslep i målinga på GTT-tal, er ikkje nasjonale tal for 2018 tilgjengelege. Rapporterte tal frå første tertial er 9,2%. Dette er under måлтаlet på 9,7% som er sett for føretaket. Ein må likevel vere budd på at talet for heile året kan bli høgare.
	Delmål 2: Tiltak i programmet er implementert i helseføretaka så snart dei blir overlevert frå prosjekt til linje.	
Styringsmål 2: Uønskt variasjon og ventetider for diagnostikk og klinisk praksis er redusert i 2018 (samanlikna med 2017). Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest er redusert til 50 dagar innan 4 år(2021)	Delmål 1: Faglege retningslinjer og standardiserte pasientforløp er implementert (ref. m.a. pakkeforløp kreft).	Delmål 1 og 2 er i all hovudsak oppnådd, samstundes som det er gjenstand for kontinuerleg forbetring.
	Delmål 2: Arbeid om variasjon i mellom anna ventetid og kvalitet, der målet er å lære av dei einingane som gjer det best i landet, er starta opp.	
	Delmål 3: Tiltak i programmet Alle møter er implementert, inkludert god planlegging og utnytting av operasjonsstovene.	For delmål 3 er det delvis måloppnåing, og det er iverksatt fleire tiltak. Ventetidene for tre av sektorane i føretaket er i oktober innanfor dei regionale krava til ventetider, mens somatisk sektor ligg fire dagar over kravet. Sjølv om alle sektorane punktvis har vore i nærleiken av krava, er det berre TSB som har oppfylt kravet over tid. Dersom ein ser på samla tal for alle pasientar hittil i år, er krava til gjennomsnittleg ventetid for start behandling tett på å vere oppfylte for alle sektorane.

Styringsmål 3: HMS er ein sjølvstøtt del av arbeidsdagen.	Delmål 1: HMS-strategi for føretaksgruppa Helse Vest er forankra og kjend for alle leiarar og medarbeidarar, og tiltak for å førebygge vald og truslar mot tilsette er sett i verk.	Delmål 1 er oppnådd.
	Delmål 2: Det blir lagt til rette for og utvikla ein god meldekultur der meldesystem for tilsetteskadar og uønskte hendingar, vald og truslar mot tilsette er kjent for alle leiarar og medarbeidarar.	Delmål 2 er delvis oppnådd. Fleire tiltak er sett i verk for å styrke meldekultur, blant anna gjennomføring av kurs for leiarar og saksbehandlarar. Dette vidareførast i 2019 og sjåast på som eit kontinuerleg arbeid.
	Delmål 3: Talet på tilsetteskadar er redusert.	Delmål 3 er delvis oppnådd. Føretaket har ein auke i meldte uønskte hendingar totalt sett og også innan HMS-området. Det er ein auke i meldte tilsetteskadar, mens HMS-relaterte saker er stabilt. Det er ein aukande trend i meldte saker innan vald og truslar om vald mot tilsette, og det blir meldt mest saker innan psykisk helsevern. Det blir arbeidd med å sikre melding av slike hendingar, og noko av auken kan forklarast på grunn av det. I tillegg blir det framleis meldt ein del stikkskadar, men her er det ein fallande trend. Dette heng igjen saman med innføring av stikkande/skjerande utstyr med beskyttelsesmekanisme, der slikt utstyr er eigna for formålet.
Styringsmål 4: Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn innan somatikk.	Delmål 1: Det er høgare kostnadsvekst innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk.	Delmål 1: Regnskapet er først klart 24 januar.
	Delmål 3: Det er kortare ventetider innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk.	Delmål 3 er oppnådd. Når det gjeld ventetid er det relativt større reduksjon innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) enn i somatisk sektor.
	Delmål 4: Det er høgare aktivitet (polikliniske konsultasjonar) innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk.	Delmål 4: Den relative veksten i aktivitet er høgare innan psykisk helsevern og rus enn innan somatikk, jamfør verksemdrapport desember 2018, punkt 1.1.1 den gylne regel.